



**DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

Statsråden

VEDLEGG

Stortingets president
Stortinget
0026 OSLO

Unnateke offentlegheit,
offl. § 22 første punktum

Dykkar ref
Prop. 1 S (2023-2024)

Vår ref
22/2898-

Dato
2. november 2023

**Statsbudsjettet 2024 - Prop. 1 S (2023-2024) for Barne- og
familiedepartementet - Rettebrev til Stortinget**

Barne- og familiedepartementet har gått gjennom Prop. 1 S for 2024 for departementet. Eg vil etter dette gjere merksam på følgjande feil i proposisjonen:

Endra postomtale under kap. 881, post 78

På side 139, under postomtalen for kap. 881, post 78 «Ymse faste tiltak», står det: «Til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn er det sett av 6 mill. kroner, til Norges Kristne Råd er det sett av 4,7 mill. kroner, og til Muslimsk dialognettverk er det sett av 2,5 mill. kroner i driftstilskot.»

I nest siste avsnitt av postomtalen på same side kjem det fram at tilskotet til Muslimsk dialognettverk er føreslått auka med 0,5 mill. kroner. Dette inneber ein auke til 2 mill. kroner.

Setninga på side 139 skal derfor i staden vere: «Til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn er det sett av 6 mill. kroner, til Norges Kristne Råd er det sett av 4,7 mill. kroner, og til Muslimsk dialognettverk er det sett av 2 mill. kroner i driftstilskot.»

Muslimsk dialognettverk er orientert om feil beløp i budsjettproposisjonen, og at organisasjonen er føreslått å få tildelt eit tilskot på 2 mill. kroner neste år.

Med helsing

Kjersti Toppe